

Kampen om laksen

Fiskeretten i Suldalslågen er truleg det privatsrettslege objekt i Noreg som kan førast lengst tilbake i historia. Alt i rettsdokument frå 1295 finn vi bevis for dette.

Kroningsgåva

I 1164, under vigslinga av den åtteårige kong Magnus Erlingsson i Bergen, gav kongen gården Faxstad på sørsida av Suldalslågen, til kyrkja. Egedomen blei delt mellom det nystifta klosteret på Halsnøy i Sunnhordland og biskop Arne i Stavanger. Laksefisket var kanskje det mest verdfulle som høyrde til denne garden.

Munkane på Halsnøy var ikkje av dei frommaste, og tok godt for seg av laksen i Lågen. Kannikane i Stavanger meinte at munkane og leiglendingane deira "tilegnet seg større lott enn lovlig", og i 1306 innkalte lagmann Sigurd Ormssønn av Randar dei stridande partane til synfaring på


Sand. Ingen møtte frå klosteret på Halsnøy, og munkane vart dømde til å betala alle kostnader, mens Stavanger-brørne skulle få fiska fritt og uhindra.

Etter eit par år med misnøye utrusta munkane ein straffeekspedisjon for å ordna opp i tilhøva langs Suldalslågen. Tre munkar drog til Faxstad og banka opp leiglendingen Hafer Gudleiksson, kona og mora. Som straff for dette vart munkane i 1311 dømde til å betala bøter, noko dei unnlot å gjera. Korleis historia enda, veit vi ikkje.

Bønder går berserk

I 1587 gjekk 24 suldølar frå heile dalføret til aksjon avdi dei meinte at kannikane og munkane hadde hindra laksen sin frie gong i elva ved Sand. Først jaga dei bort Fiskeriet sine folk, så øydela dei laksekjeret på Sandssida. Så stal dei nokre båtar, fylte dei med stein og søkte dei midt i notsta-

"Item udi Suldal hafuer mand i formere tid fangit så store Laxe at 6 Laxe kunde fylde en Tønde, oc somme støre"
Peder Claussøn Friis (1545-1614)



den, før dei vende heim.

Året etter var det rettssak. Fisket sine folk drog fram det eine dokumentet etter det andre som viste kva dei hadde rett til. Og dei angrande suldølane ba til slutt "om nåde for sine store forseelser". Saken enda med at dei 24 suldølane måtte betala ein halv dalar i kostnader, og 1 mark

til kongen. Dessutan måtte dei reparera laksekjeret og reinska opp på notplassen. Slike basketak mellom suldølane og dei som hadde fisket ved munningen kan ein følgja frå domstol til domstol gjennom 600 år, frå 1295 og fram til 1862, då suldølane øydela eit laksekjer i "Haugevigen" og måtte tola meir audmjuking.

Området ved Sandsfossen har vore i sentrum for kampen om laksen i århundrer. I dag er dette dei mest eksklusive og desidert dyraste fiskeplassane langs Suldalslågen. Det er Sands Laksefiske A/S som disponerar fiskeretten frå Sandsfossen og ned til elveosen.

Foto: Rune Roalkvam

"... Af disse Laxe-Fiskerier har de Beneficerede Eiere eller andre tilhørende aarlige ansseelige afgifter, og fordeele, dog falder derved og nogen bekostning med at holde Vaader, baader, og cendeel Folk; Men de største Laxe fanges i Suldals Elv, samme Fiskerie gaar ikke før til, end sidst i Julij Maanet for Sneevandets koldhets Skyld."

Bendix Christian de Fine: Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse. 1745.